

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
1	Nr	Søker	Kommune	Tiltaksnavn	Kostnad	Eigne midlar	Søknadssum	Tilskot	Skildring av tiltak	Grunngjeving
2	1	Askøy Orienteringslag	Askøy	Askøy på langs xtreme	56 975		36 975	25 000	Tiltaket gjeld ein årleg turmarsj på 40 km i variert terreng frå Kleppestø til Herdla. Målgruppa er alle innbyggjarar på Askøy og omland. Arrangementet er ein del av friluftslivets år markeringa på Askøy.	Tiltaket set fokus på turhøva på Askøy, som kan medverke til auka bruk. Set fokus på Friluftslivets år og rettar seg mot barn og barnefamiljar.
3	2	Beitingen Grendalag	Meland	Bygging av grillhytte / gapahuk	149 725	0	65 350	0	Bygging av grillhytte / gapahuk til bruk for barn og barnefamilier med mål om å motivere til meir uteaktivitet.	Tilskot til strukturelle tiltak støttast ikkje i denne ordninga. Kan søkje tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemidlar).
4	3	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Regionale kompetansesamlinger/ kurs i friluftsliv	50 000	0	40 000	0	To kurs for turleiarar for barne- og ungdomsaktivitetar i grunnleggjande friluftsliv og sikkerheit på tur for å imøtekomme krav frå Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap.	Kompetansesamlingar for eigne tillitsvalgte i BHT. Vert vurdert som ein del av drifta i turlaget.
5	4	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Kveldsmatturar for ungdom	100 000	0	80 000	50 000	Kveldsmatturar er eit lågterskel turtilbod i nærmiljøet til ungdommar med ulike tema t.d.; slakklinetur, matlaging på bål, paintball, orientering. Vi har inngått eit samarbeid om grunnleggjande utdanning i friluftsliv og turleding med Stend VGS, Rothaugen skole og Nattland skole. Dei har også inngått eit samarbeid med Styve Gard for å integrere ungdommar med "ulike utfordringar" og gje dei positive opplevingar.	Tiltaket blir gjennomført i nærmiljøet og kan medverke til auka deltaking over tid, er lite ressurskrevjande, rettar seg mot grupper som kanskje ikkje deltek på andre aktivitetar. Tiltaket er nytenkande og har overføringsverdi.
6	5	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Bereturer	45 000	5 000	20 000	20 000	Beregrupe med frivillige turleiarar er ei vidareutvikling av organiserte trilleturar. Tilbodet er gratis og ope for alle. Deltagarane treff andre foreldre med små barn, og blir kjend med turstiane og friluftsområda i Bergen og omegn. Tilbodet bidreg auka fysisk aktivitet og målet er at alle får ein varig interesse for friluftsliv og turgåing.	Nærmiljøtiltak som medverkar til auka deltaking over tid, er lite ressurskrevjande og rettar seg mot prioriterte grupper, Tiltaket er nytenkande og har overføringsverdi.
7	6	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Opning av friluftslivets år 2015 på Fløyen	132 250	25 000	60 000	20 000	Opning av Friluftslivets år 2015 som vart arrangert 13. januar på Fløyen, med påfølgjande dagsseminar om friluftslivets år – folkehelse, frivillighet og forvaltning av viktige natur- og friluftslivsverdiar. Statsminister Erna Solberg hadde opningstale på utsiktsplatået på Fløyen med ca. 200 tilhøyrarar.	Tiltaket har fokus på friluftslivets år, fremjar det enkle friluftsliv og medverkar til auka deltaking over tid.
8	7	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Lavterskel turar i regi av Barnas Turlag	130 000	0	80 000	0	BHT ønskjer å avvikle fleire lågterskel turar i regi av Barnas Turlag og arrangement i nærmiljøet. Turane går i tilrettelagte friluftsområder, eller på stiar og turveggar i Byfjella/nærmiljøet i Bergen. Målet er å aktivisere inaktive og nå nye med dette tilbodet. Ein viktig del av prosjektet vil vere kurs og kompetansesamlingar for turleiarar.	Kompetansesamlingar for eigne tillitsvalgte i BHT. Vert vurdert som ein del av drifta i turlaget.
9	8	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Kom deg ut-dagane i Hordaland	242 400	50 000	68 400	0	BHT ønskjer å arrangere "Kom deg ut-dagane" i regi av alle lokallaga i BHT. Dei har ein koordinerende rolle og støttar lokallaga med arrangementa. Vi marknadsfører breitt i fleire kanalar som: regionale aviser, lokalaviser, pressemeldingar til alle relevante medier, Barn i byen, eigne medlemsblad, nyhetsbrev, nettsider mm.	Tiltaket reknast som ein del av drifta til BHT.
10	9	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Turpostar i Bergen	460 000	100 000	300 000	80 000	BHT ønskjer å lage eit turkonsept med ulike turposter i nærområdet. Ein får turmål presentert som vidare samlast for å oppnå ei premiering. Lågterskel tilbod særleg retta mot barn og barnefamilie. Gjere det enkelt og attraktivt å vere med på eit turopplegg, motivering til natur- og fellesopplevingar, bli kjent i eigna og nye nære turområder. BHT konstruerer turkonsept, praktisk tilrettelegging med informasjon, distribusjon, marknadsføring, og noko tilrettelegging i felt.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid og er lite ressurskrevjande. Tiltaket rettar seg mot barn og barnefamiljar og dei som kanskje ikkje deltek på andre aktivitetar. Tiltaket har overføringsverdi.
11	10	Bergen og Omland Friluftsråd	Austevoll/Austrheim/Bergen/Sund/Vaksdal	Åpningsarrangement Friluftslivets år	295 000	135 000	130 000	100 000	Dagsarrangement med friluftslivsaktivitetar for barn, unge og barnefamilier i høve oning av nye og nyleg tilrettelagte friluftslivsområder. Planlagte aktivitetar er tale frå politiske representantar, snorklipping, ulike aktivitetar for familiar og skular. Ni arrangment er planlagt i følgjande områder: Hissøyna i Fjell, Sveholmen og Navøvvågen i Austevoll, Årvikane i Austrheim, Storøen i Bergen, Helleneset i Bergen, Arboretet i Bergen, Vistarøy i Sund og Stanghelle i Vaksdal. Diverse utstyr vil bli kjøpt inn til arrangementa, som infomateriell, lavvoer, bålpanner og kajakkpakke.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, rettar seg mot barn og barnefamiljar. Tiltaket er knytt opp mot friluftslivets år.
12	11	Bergen og Omland Friluftsråd	Fjell/Sund/Radøy/Askøy/Os/Meland	Strandryddingsprosjekt i friluftslivets år	100 000	50 000	50 000	50 000	Gjennomføre strandryddingsprosjekt i Hissøyna, Tyssøy, Byngja/Toska, Solnes, Søvikvågen og Håøya friluftslivsområde. Strandryddeprosjektene gjennomførast i samarbeid med lokale skular og organisasjonar. I tillegg til at BOF får hjelp til rydding av marint søppel, får vi også sett fokus på aukande problem med marint søppel og mikroplast i verdenshava. Nokon områder er problemområder som "tar i mot" mykje herreløst avfall.	Tiltaket bidreg til involvering frå ulike organisasjonar gjennom eit haldningsskapande arbeid. Prosjektet er eit felles arrangement i Vestkystparken og er knytt opp mot friluftslivets år, og har stor overføringsverdi.
13	12	Bergen og Omland Friluftsråd	Vaksdal	Kajakkpakke Stanghelle	150 000	100 000	50 000	50 000	Det er under arbeid eit padlesenter på Stanghelle der ein skal kjøpa inn ei kajakkpakke med 6 båtar og eit låsbart stativ til oppbevaring. Folk kan låna kajakkar gratis. Det vert og laga ei bryggje for å komma ut med kajakkane. Prosjektet er i samarbeid med Vaksdal kommune og Stanghelle idrettslag.	Tiltaket aukar tilgjengelegheita for kajakkpadling som ein lite ressurskrevjande friluftslivsaktivitet.
14	13	Bergens skog og trøplantingsselskap.	Bergen	Turveg Eidsvågshjellet	390 000	50 000	70 000	0	Tiltaket gjeld skogrydding og vegarbeid for å fremje ein turveg mellom Øyjorden og Munkebotn.	Tiltaket går ut på skogrydding og vegarbeid. Tilskot til drift støttast ikkje i denna ordninga.
15	14	Bydelsbloggen	Stord	Friluftsfestival -markering av friluftslivets år	119 000	0	59 000	30 000	Bydelsbloggen er ein av mange aktørar som skal samarbeide om å lage ein friluftsfestival på Stord. Basen kjem til å vera ved Storavatnet på Litlabø. Stord Jeger og fiske, Friluftsrådet Vest og Liv og Lyst -prosjektet i gruveområdet er berre nokre av organisasjonane som skal vere med å arrangera festivalen med kurs, arrangement, foredrag og leige av sanitæranlegg. Dei håpar at kajakkklubben, seilklubben, speidaren, hesteskoklubben mm vil delta i arrangementet. Tanken er at folk skal få augene opp for moglegheitane på Stord når det gjeld friluftsliv, og at fleire blir meir aktive.	Tiltaket set fokus på moglegheitene til deltaking i friluftsliv på Stord. Fokus på Friluftslivets år 2015. Breitt samarbeid med mange aktørar, fokus på lite ressurskrevjande aktivitetar som er tilgjengeleg for ulike brukargrupper. Tiltaket kan auke bruken over tid.
16	15	Bymuseet i Bergen	Bergen	Damsgårdsfjellet	65 000	15 000	50 000	30 000	Bymuseet i Bergen vil invitere til fjelltur med kulturhistorisk vinkling. Fjellturen vil bli tilbudt to gonger i 2015. Målsettinga er å gje deltakarane nytt perspektiv og ny innfallsvinkel til forståelsen av kulturminnet Damsgård hovedgård og samtidig stimulere til friluftslivsaktivitet. Kulturminnegrundlag for forvaltningsplan for Damsgårdsfjellet utarbeidet av Byantikvaren og lokalhistoriske kjelder på Laksevåg er viktig bakgrunnstoff for tiltaket. Målgruppa er ungdom og barnefamilier, men også andre interesserte som kanskje ikkje vanlegvis er fysisk aktive.	Tiltaket har fokus på nye målgrupper og kan medverke til auka deltaking over tid. Har fokus på kulturminner som opplevingsverdi i naturen gjennom Friluftslivets år 2015.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
17	16	Bømlo Turlag	Bømlo	Friluftsliv for alle	55 000	5 000	25 000	25 000	Bømlo Turlag ønskjer å tilretteleggje arrangementer for personar med nedsett funksjonsemne, flyktninger og alle andre. Dei har 6 arrangement pr år der det arrangerast turar i nærmiljøet t.d. til ein gapahuk ute i skogen der det er mogeleg å kome til med rullestol og barnevogn. Dei har ulike innslag som matlaging, frisebee, postar, leiker osv. Dei samarbeider med ulike lokal lag som speidergrupper, husmorlag, vaksenopplæringa, vgs barne og ungdoms linja osv. Dette er eit svært populært tiltak som samlar mange.	Tiltaket blir gjennomført i nærmiljøet, med fokus på nærømråda, retter seg mot prioriterte grupper, breitt samarbeid, Tiltaket har overføringsverdi.
18	17	Fjell kommune, Straume Helsestasjon	Fjell	Mannsgruppe flyktningar, friluftliv og aktivitet	30 000	0	30 000	30 000	Mannsgruppen for flyktninger ønskjer å skape bevisstheit om tydinga av friluftsliv og aktivitet for god fysisk og psykisk helse. Å delta i fysiske aktivitetar og å bruke naturen som rekreasjon vil styrke både den fysiske og psykiske helsen samt integreringsprosessen. Som familiefedre vil mennene ha stor påverknad i familiene med tanke på å ta i bruk friluftsområda. Gruppa skal leiast av psykolog Svein Ramung saman med Richard Kiwanuka frå Way Forward. Dei har begge lang erfaring med støtte til integrering av flyktningar.	Tiltaket omhandlar ein gruppe som ofte er lite fysisk aktive. Integrering står sentralt. Tiltaket har stor overføringsverdi.
19	18	Fjell Turlag	Fjell	Kysttrimmen 2015 - kulturminner i Fjell	138 800	5 000	73 800	70 000	Fjell Turlag, ønsker å arrangere lavterskel-aktiviteten Kysttrimmen. Dei vil nytte den nettbaserte løsinga TURid, Fjell Turlag sin IT-løsning for tur-og aktivitets-registrering på nett. KystTrimmen har i 2015 Kulturminner i Fjell som tema og samarbeider med Fjell kulturminnelag og Fjell kommune, Kulturavdelinga om dette. Kommunen, turlaget og kulturminnelaget i Fjell arbeider no med å velge ut kulturminner og kulturmiljø i Fjell kommune som vil eigne seg godt som turmål. Det vil være ca 15 turmål	Tiltaket omhandlar den nettbaserte løsinga TURid og har fokus på kulturminner som opplevingsverdi i naturen. Fokus på Friluftslivets år.
20	19	Friluftsrådet Vest	Stord/Bømlo/Kvinnherad	Friluftsliv for alle - Sunnhordland	150 000	30 000	70 000	70 000	Friluftsrådet Vest ønskjer å få i gong eit friluftstilbod for dei som treng litt ekstra tilrettelagte tilbod for å kunne ta seg ut og oppleve naturen i friluft. Tiltaket tek sikte på å få med frisklivssentralar i samarbeid med Folkehelsekoordinator. Målet er å få til faste turopplegg for dei med nedsett funksjonsnivå slik friluftsrådet Vest har har i Haugesund og Bømlo. I tillegg vil Friluftsrådet Vest ta med innvandrarar på turar og dagsopplegg slik dei gjorde på Stord, Bømlo og Kvinnherad i fjor.	Tiltaket er helsefremjande og gjennomført i nærmiljøet. Tiltaket har fokus på personar med nedsett funksjonsevne, som ofte er lite fysisk aktive.
21	20	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	Utviding av friluftstutstyrspakkene	120 000	0	50 000	50 000	Mange av dei eldste friluftstutstyrbasene har mangelfull utrusting. Friluftsrådet Vest ønskjer å fornye noko av utstyret og utvide tilbodet med t.d. fleire lavoer og telt i kvar pakke. Lite aktive familiar som ikkje prioriterar eller har råd til utstyr kan låne det. Friluftsrådet ønskjer også å kjøpe inn ein terrengvogn for rullestolbrukere. Mål med prosjektet er å skape aktivitet gjennom utviding av tilbodet i friluftstutstyrspakkene våre. Friluftsrådet Vest vil og kjøyre ein kampanje for å få meir blest om pakkene.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, og senker terskelen for mange til å drive med det enkle friluftslivet. Tiltaket rettar seg mot barn og barnefamiliar.
22	21	Friluftsrådet Vest	Rogaland	Kystkultur dagar på Romsa	60 000	0	30 000	0	Friluftsrådet Vest ønskjer å arrangera Kystkultur dagane på Bjoa-Romsa. Det er ein tradisjon som samlar kystlagsfolk og familiar til ei helg med mange aktivitetar som roing, kanopadling og turgåing på Roms og den tradisjonelle sjørøverjakten for barna. Mål med prosjektet er: Skape aktivitet og blest om kystfriluftslivet. På gode dagar har arrangementet hatt over tusen deltakarar på desse dagane og brukar t.d. pengane på skyssbåt til Romsa for dei som ikkje har båt selv.	Tiltaket finn stad i Rogaland.
23	22	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	Kystbasecamper	130 000	0	70 000	70 000	Friluftsrådet Vest ønskjer å arrangera Kystbasecampar i samarbeid med turlag og padleklubar i regionen for å skape blest om padling og anna kystnær friluftsliv og forhåpentligvis rekruttere fleire unge menneske til slike friluftslivaktivitetar. Friluftsrådet Vest sjår den auka interessa for maritimt friluftsliv i samanheng med vår satsing på friluftstutstyrspakker med kanoer og kajaker som er plassert rundt i medlemskommunane. På campane har Friluftsrådet Vest innslag av både seiling, fjellklatring, fisking, padling og bueskyting.	Tiltaket omhandlar miljøvenneleg friluftsliv for barn og unge. Tiltaket kan auke deltaking over tid samt at tiltaket har overføringsverdi.
24	23	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	Brosjyre-distribusjon i Sunnhordland	110 000	0	50 000	50 000	Friluftsrådet Vest ønskjer å distribuere deira hovedbrosjyre saman med Kvinnherrad turlags turbrosjyre og info om folkehelsestilbod i Sunnhordland. Målsetning: Dei planlegger dette saman med folkehelsekoordinatorer, turlaget og friluftsansvarlig i kommunen. Å spre informasjon om friluftsmulighetene i regionen er i tråd med målsetningene for Friluftslivets år 2015 "Flere ut - oftere". Målgruppe: Befolkningen i regionen, familier og ungdom.	Tiltaket stimulerer og fremjer friluftslivaktiviteten. Info kjem fram til dei som ikkje søker info andre stader.
25	24	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	FÅ 2015 - Friluftsbilag i Haugesunds Avis	250 000	25 000	50 000	0	Friluftsrådet Vest ønskjer å lage et friluftsmagasin som eit bilag til Haugesunds avis. Magasinet vil innehalde artiklar om friluftstilbodene i regionen og lagast i samarbeid med andre friluftstutstyrspakker i regionen. Friluftsrådet Vest vil leggje opp til å vinkle artiklene mot allemannsretten og målsetningene for Friluftslivets år 2015 "Flere ut - oftere". Friluftsrådet Vest vil og ha fokus på nærturar og lage artiklar som opplyser om viktigheten av å bevege seg meir i det daglege, muskeldrevet transport og det å ta seg ein tur "litt oftere"	Friluftsrådet Vest har fått tilskot til distribusjon av friluftsmateriell til Sunnhordland tidlegare i denna ordninga.
26	25	Friluftsrådet Vest	Sunnhordaland	Læring i friluft	400 000	70 000	80 000	80 000	Friluftsrådet VEST har drevet eit målbevisst arbeid med uteundervisning av elevar og ansatte i skuler, SFO og barnehager. Dei ønskjer å vise både elevar og lærere at det er fullt mogeleg å drive fullgod undervisning utendørs. Dei ønskjer å få ungane ut i fysisk aktivitet og gje dei gode naturopplevingar samt grovmotoriske fysiske utfordringar gjennom leik og bevegelse i terreng. Friluftsrådet Vest vil og gjere lærere kjent med bruken av utstyret som friluftsrådet har i friluftstutstyrbasane	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, tiltaket har utvikla seg og er lite ressurskrevjande, rettar seg mot barn og ungdom. Overføringsverdien av dette tiltaket er vesentleg.
27	26	Friluftsrådet Vest	Stord/Bømlo/Kvinnherad	Friluftslivets veke og dag	270 000	30 000	70 000	70 000	Det har vist seg at Friluftslivets uke er en svært god måte å samarbeide med frivillige organisasjonar på. Uka og friluftsdagen blir arrangert i uke 36 i september kvart år, og er eit delvis landsomfattande friluftstiltak. FRILUFTSLIVETS DAG vil bli fulgt opp også i år. I tillegg til i Haugesund har vi de siste årene også fått til liknande satsningar på Stord, Bømlo og Kvinnherad. Dei samarbeider og med flyktningetjenesten og setter opp busser for å frakte bosatte flyktninger og asylsøkjere inn til Friluftslivet dag. Mesteparten av støtta til arrangementet brukast opp på annonsering i regionens aviser. Ein del ressurser går på vår deltaking på friluftslivets dag.	Tiltaket viser kva for tilbod friluftstutstyrspakker har, samt at tiltaket har fokus på gjennomføring i nærmiljøet, og medverkar til auka deltaking over tid.
28	27	Fyllingsdalen Historielag	Bergen	Opprusting av eksisterande elv for ørret Sæleelven	100 000	0	60 000	0	Historielaget ønskjer å utvide Sæleelva, kantane settas av med stor stein, det må samstundes lagast til rette for gyteplasser for ørreten. Det må så leggjast i gytegrus, dette kan nåast frå veg med lastebil og grabb. Ein sti ved elva treng opprusting og påfylt masse for å kunne nytte av turgåarar med barnevogn eller rullestol.	Tiltaket omhandlar strukturelle tiltak som ikkje er søknadsberettiga i denne ordninga.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
29	28	Folkelig	Bergen	Gategym	475 300	128 000	87 300	0	Gategym er ein frivillig organisasjon med føremål å senke terskelen for å vere fysisk aktiv og bidra til betre folkehelse gjennom nærmiljøaktiviteter som er tilgjengeleg for alle. Gategym er eit lavterskeltilbud for fysisk aktivitet og bevegelsesglede utendørs, i nærmiljøet. Aktivitetene har fokus på lek og enkle og alternative styrkeøvelser som er lett å tilpasse individuelt nivå. Aktivitetene finner sted i parker, tun og ulike nærmiljøanlegg, og det brukast enkelt utstyr som tau, ball, kjepler osv. Gategym ønsker først og fremst å nå ut til unge voksne og inaktive.	Tiltaket er under et A/S og såleis ikkje søknadsberettiga.
30	29	Grannehjelpa	Kvam	"Vi vandrar saman" i "Öppna landskap" i Kvam	60 000	5 000	45 000	0	Med utgangspunkt i nærområda - bystrender, parker og byggjefelt – skal Grannehjelpa ha ulike organiserte aktiviteter som syner mangfaldet og moglegheitene for eit aktivt uteliv for alle aldersgrupper. Dei vil vise i praksis dei positive og helsefremjande fysiske og psykiske effektane ein kan oppnå ved å vera meir aktiv. Målgruppa er alle kvenningar, med særleg fokus på innvandrarar og menneske med utfordringar med psykisk helse.	Tiltaket vert styrt frå frivillighetssentralen i Kvam kommune. Difor er ikkje tiltaket søknadsberettiga.
31	30	Granvin turlag	Granvin	Stølstrim	52 000	0	52 000	20 000	Stølstrim i Granvin er eit tiltak som vil fremje aktivitet ved å leggje tilrette for sommarturar til 13 ulike stolar i første omgang. Skogeigarlaget vil bidra til rydding av stiar. Turlaget samarbeider også med helselaget, bygdekvinnelaget, bondelaget m.f. i forbindelse med stølstrimmen. Det er utarbeida kartblad og turbeskrivelse for kvar stol. I tillegg har kvar stol ein turkasse der det ligg lokalhistorisk informasjon om stølen. Kartblad, klippekort og turbeskrivelsar for turane kan ein kjøpa for 100 kr. Få folk i aktivitet (helsefremmande), sosialt tiltak, samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar for å fremme inkludering og deltaking.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid,, fokus på nærområda, rettar seg mot prioriterte grupper.
32	31	Haugesund Turistforening	Sunnhordaland	Naturlosturar	180 000	20 000	40 000	40 000	Lågterskel tiltaket Naturlosturar har hovudfokus på å få folk på tur i sine nærområdar og å bli betre kjent med natur- og kulturverdiane som ligg der. Naturlosturene er eit godt bidrag til å få nye grupper ut på tur. Dei siste åren har HT starta fleire turgrupper retta mot den delen av befolkninga som normalt er lite aktive. Som utviklings- og funksjonsnedsetting, psykisk syke og no sist inaktive voksne og barn gjennom prosjektet «Naturgøy». Målet med desse prosjekta er å integrere deltakarane inn i ordinære aktivitetar.	Tiltaket blir gjennomført i nærmiljøet, og er tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsemne, og har fokus på det enkle friluftslivet. Støtte gjeld for deltakarar frå Hordaland.
33	32	Haugesund Turistforening	Sunnhordaland	Friluftsliv for alle - heile året	450 000	14 000	10 000	10 000	Haugesund Turistforening ønsker å leggje friluftsliv til rette for mennesker med fysisk funksjonsnedsetting og mennesker med psykiske lidelser. Alle turar blir lagt til nærområdet, og er lett tilgjengeleg. Det møter mellom 70 og 100 deltakar, alder frå ca 5 til 70 år. Aktiviteter er båt, fiske, kano, ulike turar, orientering, vedarbeid, matlaging med meir. Vi har alltid en kort, alternativ tur på universelt tilrettelagt vei/sti for dei som ikkje ønsker å gå langt. Kvar vår har HT også eit samarbeid med Haugesund Seilforening, og får deltakerane med ut i både store og små seilbåtar. For ien del av dem er dette med på å gjøre terskelen for deltakelse på ordinære turer lavere.	Tiltaket blir gjennomført i nærmiljøet, medverkar til auka deltaking over tid ,rettar seg mot prioriterte grupper. Støtte gjeld for deltakarar frå Hordaland.
34	33	Herand Idrettslag	Jondal	Alle Ut	80 050	12 000	44 850	44 000	Herland Idrettslag ønsker å starte tiltaket "Alle ut". Tiltaket går ut på trim for alle aldersgrupper uavhengig av formnivå i samarbeid med fysioterapeuten i kommunen. Oppmøtet ligg på gjennomsnitt 20+ personar, noko som viste seg at det inkluderte ein målgruppe som tidlegare ikkje var dekkja. Spaservenn er lavterskeltilbudet vårt som gjør at selv om du er svaksynt, bruker rullator osv. så får du kome deg på tur.	Tiltaket er for alle. Fokus på lågterskelaktivitet og det sosiale. Tiltaket kan auke deltaking over tid. Fokus på menneske som er lite fysisk aktive.
35	34	Internasjonal Kvinneforening på Sotra	Fjell	« Kom ut og bli kjent med det naturen har å by på"	28 500	0	28 500	28 000	Internasjonal Kvinneforening på Sotra ønsker å arrangere turar for kvinner frå mange ulike land. Tiltaket satsar på å organisere tre turar i løpet av vår – haust 2015. Ein fellestur (mor – barn) til Arboretet og botaniskhage på Milde, ein fellestur til Langøy kystkultursenter, ein fellestur til Fjell festning. Organisering av desse tre turane er ein del av fleire aktivitetar i løpet av året. Målsetting: Å oppnå auka interesse for friluftsliv og formidling av kulturminne som en del av opplevingsverdien.	Tiltaket omhandlar lågterskel aktivitet i friluft og rettar seg mot prioriterte grupper. Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid og er lite ressurskrevjande. Tiltaket har overføringsverdi.
36	35	Jens Langgård	Bergen	Fjerning av oppdrettsfisk	5 600	3 000	600	0	To gutar frå Oslo som skal fly til bergen for å fjerne mest mogleg oppdrettsfisk frå sjøen. Søkjer støtte til to flyturar t/r garderemoen- flesland og leigebil.	Søkjar er privatperson som ikkje er søknadsberettiga.
37	35	Kalandseid IL	Bergen	Familiedagar - friluftsansamling på Kalandseid	68 000	8 000	50 000	30 000	Målsettinga med tiltaket Familiedagane er å skape aktive og sosiale møteplassar i friluft for familiar som bor i nærområde. Det skal arrangerast små turar i nærmiljøet. Tilbodet er ope for alle, med hovudfokus retta mot familiar som ellers ikkje kjem seg på tur på eiga hånd og nyttilflytta familiar som ønsker å bli betre kjent med nabofamiliane. Familiedagane vil våren 2015 guide turar for familiane rundt på ein av turstiene, med morsomme konkurransar og oppgåver både for de små og store, i tillegg til servering av sunn og enkel mat og drikke. Totalt opptil 6 arrangementer.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, fokus på nærområda, rettar seg mot prioriterte grupper. Tiltaket har overføringsverdi. Står ikkje nemt konkrete utgiftspostar.
38	37	Keipane kystlag	Radøy	Sommarcamp/aktivitetsdagar for born	70 000	2 000	30 000	30 000	Keipane kystlag inviterer saman med fleire andre frivillige lag i kommunen born i alderen 8-12 år til aktivitetsdagar i sommar. Det vert lagt opp til tre aktivitetsdagar siste veka i juni og seks aktivitetsdagar i august. Det vert mellom anna tilbod om fisking (sjø og ferskvatn), roing, kanopadling, segling, riding, bading, turorientering og steinalderdag. Fleire av aktivitetane finn stad i viktige kulturmiljø, og formidling av desse vil vera ein del av opplegget. Dei fleste aktivitetane vil finne stad i gangavstand frå kommunesenteret eller gangavstand frå tettstadene Bøvågen og Austmarka. Til steinalderdagen vil det vere felles transport. Tilbodet vil gå ut som ranselpost.	Tiltaket rettar seg mot proriterte grupper, kan medverke til auka deltaking over tid, er lite ressurskrevjande og har fokus på nærområda. Tiltaket har overføringsverdi.
39	38	Kvam herad	Os, Fusa	Friluftstiltak for eldre på institusjon	140 000	20 000	80 000	70 000	Kommunane Os, Fusa, Samnanger og Kvam samarbeider interkommunalt om tiltak for eldre på institusjon. I Friluftslivets år ønsker samarbeidsgruppa å ha auka fokus på aktivitetar i friluft for institusjonsbebeuarar. Det vert lokale tiltak i kvar kommune, i samarbeid med lokale jeger-/fiskarlag, idrettslag, sanitetslag osv. Målet er at eldre som bur på institusjonar skal kunna delta på ein aktivitetsdag tilrettelagt for målgruppa i nærmiljøet.- med ei aktivitetsløype, matlaging på bålpanne, kulturinnslag osv	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, har interkommunalt samarbeid, lågterskelaktivitet og fokus på Friluftslivets år.
40	39	Naturvernforbundet Hordaland	Hordaland	Naturglede Hordaland i Friluftslivets år	289 350	100 000	100 000	50 000	I samanheng med Friluftslivets år, ønsker Naturvernforbundet Hordaland å trappe opp arbeidet og invitere til 7 nærmiljøturar og -arrangement for å gje fleire moglegheiten til å oppleve naturglede. NH vil organisere to "Verdt å ta vare på"-arrangement, som både viser korleis klimaendringar påvirkar naturen, og korleis alle kan vere med å ta vare på den. Det blir gjennomført minst tre naturgledeturar og eit naturglede-familieopplegg. Hovedmålgruppa er barn, unge og barnefamiljar.	Tiltaket har fokus på personar som er lite aktive, nærmiljøturar, lågterskel og breitt samarbeid med frivillige organisasjonar.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
41	40	Naturvernforbundet Hordaland	Hordaland	Prøvekjøre el-syssel	646 700	0	146 700	0	"Prøvekjøre el-syssel" er eit prosjekt som hjelper bilistar å bli el-sykklist gjennom å la dem få gode erfaringar med el-syssel. Naturvernforbundet Hordaland skapar samarbeid med bedrifter som Naturvernforbundet Hordaland arrangerer el-sykkeldager for. På arrangementene får folk prøvekjøre el-syssel, delta i debatt og se film av lederane i bedriften som prøvekjører el-syssel for første gong. Prosjektet setter nye grupper menneske i aktivitet gjennom å la dei få positiv erfaringer med el-syssel	Tiltaket innfrir ikkje kriteria i tilskotsordninga, og får difor ikkje tilskot.
42	41	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Askøy	Fiskecamp for ungdom	45 000	10 000	20 000	20 000	NJFF-Hordaland ønskjer å halde fram med det årlege arrangementet Fiskecampen for ungdom i Kollevågen på Askøy. Fiskecampen arrangeras helg like før skulestart. På fiskecampen vil det vere ulike aktivitetar som fluekasting, havfiske, kystfiske og ørretfiske frå kano. Det vil og vere fokus på ulik tilberedning av fisk som vert fanga slik at ungdomen får betre kjennskap om fisk som matressurs. NJFF-Hordaland stiller med mat, lokale, lavvoer for overnatting, instruktørar, fiskeutstyr, sikkerhets-utstyr, kanoar og båtar. Campen er berekna for ungdom mellom 11 og 16 år	Tiltaket stimulerer til direkte friluftaktivitet og har overføringsverdi til andre.
43	42	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Hordaland	Fiskeklubben for barn	30 000	5 000	15 000	15 000	NJFF-Hordaland har sidan 2000 drive ein fiskeklubb for barn i Hordaland. Arrangement i Fiskeklubben er gratis både for medlemmar i klubben og for andre fiskeinteresserte barn. NJFF-Hordaland stiller på arrangementa med instruktørar, fiskestenger, sluker, redningsvestar etc. til gratis utlån. Arrangementa skjer vanlegvis i eit samarbeid mellom NJFF-Hordaland og eit av lokallaga våre. Til saman deltok fleire hundre born på våre Fiskeklubbarrangementer i 2014.	Tiltaket rettar seg mot barn, og har stor overføringsverdi.
44	43	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Hordaland	Kvinneaktivitetar	30 000	10 000	15 000	0	Kvinnekontakten i NJFF-Hordaland ønskjer å gjennomføre fleire helgesamlingar for kvinnelege jegerar og fiskarar for småviltjakt og laksefiske, alle med overnatting, mat og instruksjon. Alle samlingane har vore berre for kvinner, og det er planlagt minst like mange samlingar i år. Arrangementa er opne for alle òg ikkje-medlemmar. Informasjon om arrangementa vert spreidd via annonser i avisene, heimesidene på internett, fylkesblad, vidd epost m.m.	Tiltaket har fått tilskot frå Fylkesmannen.
45	44	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Hordaland	Wild West	80 000	35 000	35 000	33 000	Wild West er eit friluftstilbod til urban- og multikulturell ungdom i regi av Norges Jeger- og Fiskerforbund i Hordaland, stiftelsen Motivasjon & Mestring og Bergens JFF. I løpet av 2015 ønskjer tiltaket å arrangere fleire turar for urban og multikulturell ungdom som involverer havfiske, innlandsfiske (kultiveringsfiske), krabbefiske og kystfiske.	Tiltaket omhandlar tilrettelagt friluftaktivitet for grupper som ofte ikkje kjenner mogelegheitane innan norsk friluftsliv, med stor overføringsverdi.
46	45	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Osterøy/Fusa/Bergen	Skytestevner for barn og ungdom 2015	17 000	5 000	7 000	7 000	Ungdomsutvalget til NJFF- Hordaland ønskjer i løpet av våren 2015 å arrangere fire utendørs jaktfeltstevner (skyting med salonggevær mot dyrefigurer/skiver av papp) for barn og ungdom. NJFF-Hordalands ungdomsutvalg vil i samarbeid med Nordhordland JFL, Åsane JFF, Fusa JFL og Osterøy JFL stille med instruktørar som sørger for tryggleiken ved stevnene, og kvart enkelt barn vil få personleg oppfølging av instruktør mens de skyt. Alle deltakarane vil premierast med medalje. Det vil vere servering av gratis pølser og saft til deltagerne under stevnene.	Tiltaket rettar seg mot barn og barnefamiljar, kan medverke til auka deltaking over tid og er lite ressurskrevjande.
47	46	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Fjell/Øygarden	TAM- Undervisningsprosjekt i fiske og friluftsliv	1 100 000	55 000	45 000	40 000	NJFF-Hordaland ønskjer å lage eit tilbod til skular i Hordaland fylke om undervisning i jakt, fiske og friluftsliv. Målsetninga med tilbodet er å gje ei innføring i dei nasjonale tradisjonane våre for friluftsliv, der fiske, jakt og turar i skog og mark. Tilbodet vert i dag nytta av skular og barnevern i kommunane Fjell og Øygarden. Undervisninga knyter seg til ordinær klasseundervisning, elevgrupper i f.eks valgfag, og opplegg for enkeltelever med særlege behov. Tilbodet er populært og mesteparten av finansieringen av prosjektet skjer ved eigenbetaling frå skulane.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, tiltaket har utvikla seg, er lite ressurskrevjande og rettar seg mot barn.
48	47	Norges Blindeforbunds Ungdom	Voss	Synshemma opplever unik natur i Flåm	32 000	2 000	30 000	0	20-26 juni arrangerer Norges Blindeforbunds Ungdom ein leir på Voss for synshemma ungdomar frå alle Nordiske land. Deler av leiren vil vere under extremsportveko. Tiltaket vil gi synshemma ei naturoppleving som dei vil hugse lenge og for mange ei oppleving dei elles ikkje hadde fått muligheten til å oppleve. Heile arrangementet er ope for alle våre medlemmer over 18 år.	Tiltaket rettar seg ikkje mot nærmiljøaktivitet, tiltaket er ressurskrevjande . Tiltaket vert difor ikkje prioritert.
49	48	Nynorsk kultursentrum avd. Olav H. Hauge-senteret	Ulvik	Stølstrim og lyriske vandringar i Ulvik	180 000	10 000	90 000	80 000	Ulvik Turlag i samarbeid med Olav H. Hauge senteret vil arrangere og utvikla stølstrimmen som nyttar dei gamle burføringsstiane frå gardane og opp til stølane. Turane har blitt svært populære særleg blant barnefamiljar. Hauge-senteret planlegg og ein "Poesisti" som eit utvida og tilrettelagt tilbod for fastbuande og tilreisande. Born og vaksne kan finna små forteljingar og oppgåver langs stien. Hauge-senteret planlegg i samarbeid med turlaget og sogelaget ein litterær vandringstur i Olav H. Hauge sine fotefar. Tema for turen er fjellområda si viktige rolle som næringsgrunnlag knytt til jakt, fiske og stølsdrift.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, fokus på Friluftslivets år og rettar seg mot prioriterte grupper. Tiltaket har overføringsverdi og er nytenkande med fokus på Friluftslivets år 2015.
50	49	Odda kommune, kultur og idrett	Odda	Aktivitetspark Røldal	350 000	50 000	150 000	0	Ein ynskjer å vidareutvikla Røldal i forhold til fysisk aktivitet og på sommarstid for dei fastbuande og for turistar/tilreisande. Midt i bygda ligg ei ljosløypa som er flittig brukt heile vinterhalvåret. Her ynskjer ein å vidareutvikla området til ein aktivitetspark som innbyr til lek og variert fysisk aktivitet for barn og vaksne uavhengig av tradisjonelle idrettsgreiner. Ein ynskjer å byggja opp variert utstyr og apparater som innbyr til klatring, balansering, krype over/under, hoppe, dra, heve...Aktivitetsparken skal vera nyskapande i sitt slag og vil vera ein del av ein større satsing på tilrettelegging for bevegelse og mangfold av aktivitet i nærmiljøet som skal inkludera mange.	Odda kommune er ikkje søknadsberettiga i denna i denna ordninga.
51	50	Odda kommune, kultur og idrett	Odda	Base camp Røldal	150 000	0	80 000		Tiltaket er retta mot barn og unge i Odda kommune(Røldal, Odda, Skare og Tyssedal) i alder 10-12 år med særskilt fokus på dei som ikkje deltek i organisert idrettsaktivitet eller utstrakt friluftaktivitet. Det vert gjort behovsprøvd utvelging dersom det er stor søknad til ca 30 deltakarar vår og 30 deltakarar haust. Base Camp Røldal er eit todelt tilbod med ei aktivitetshelg på seinvinteren 2015 og ei helg hausten 2015. Base Campen vert organisert saman med Røldal Idrettslag og Røldal Fjellstyre. Aktivitetene skjer i Røldal og i fjellområdet rundt. Vinteraktiviteter: Skiturar, Aking, Sparketur, bygge igloo og gapahuk Sporjakt med truger. Haustaktiviteter: Sopp og bær, fjellturar med telt og fiskestang	Odda kommune er ikkje søknadsberettiga i denna i denna ordninga.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
52	51	Odda/Ullensvang turlag	Odda/Ullensvang	Aktivitetstiltak for ungdom	76 000	0	26 000	26 000	I høve friluftsåret og oppstart av DNT ung lokalt, ønsker Odd/Ullensvang turlag å organisere ein aktivitetstiltak for å motivere ungdom til eit aktivt friluftsliv. Tiltak til ungdom mellom 15 - 19 år. Opphaldet skal m.a. innehalde opplæring av ungdomane med mål om at dei skal bidra vidare i arbeid med friluftsliv. Her treng ein instruktørar. Det er og behov for ein del utstyr som telt, kompass, kart, grill, overnattingsutstyr. Representantar frå turlaget har møtt nemnte målgruppe som ytrer eit ønske om hjelp til opplæring for å kunne bidra til vidareføring og stimulering til aktivt friluftsliv.	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid og rettar seg mot prioriterte grupper. Tiltaket er retta mot ungdom og har overføringsverdi.
53	52	Psykiatrilianansen	Bergen	"Fra passiv til aktiv"	74 520	15 000	59 520	30 000	Psykiatrilianansen tilrettelegg og driv med fysisk aktivitet for menneske med psykiske lidningar. Det er 200 medlemmer, og rundt 100 aktive brukarar kvar veke. Prosjektet skal stimulere til uteaktivitet. Det skal etablerast eit 40-timars treningskontaktkurs for 15 deltakarar. Det vert søkt om støtte til utstyr til deira uteaktiviteter. Målgruppen er personer med nedsatt funksjonsevne som er lite aktive. Prosjektet vil fremje helse og trivsel og vil føre til deltaking over tid.	Tiltaket gjelder ei prioritert gruppe og omhandlar lågterskel aktivitet utendørs. Tiltaket blir gjennomført i nærmiljøet og kan medverke til auka deltaking over tid.
54	53	Puddefjorden kajakkklubb	Bergen	Padling og psykisk helse	121 000	21 000	100 000	60 000	Puddefjorden KK utdannar treningskontakter i samarbeid med Hordaland Idrettskrets. Per i dag har klubben 15 medlemmer som har starta på opplæringa kor 4 har fått godkjenning som treningskontakt. Puddefjorden KK blei starta i 2008, er i sterk vekst og har bidratt til å bringe padlesporten tilbake til Bergen sentrum - ved Store Lungegårdsvann. Klubben har også ei aktiv ungdomsgruppe, 10 aktive per i dag, og har særlege tiltak rettet mot ungdom i Årstad bydel.	Tiltaket har fokus på sentrumsnært friluftsliv for barn og unge. Tiltaket er lett tilgjengeleg for ulike brukargrupper, samt at det kan medverke til auka deltaking over tid.
55	54	RASK Bergen	Bergen	Å senke deltakerbarrierar	306 000	50 000	131 000	70 000	RaskBergen er ein gruppe kor alle jobbar med barn og unge. Rask står for Ressurser, Aktiviteter, Støtt/Samarbeid og Kompetanse. Saman sit dei med mykje erfaring og kompetanse innan skule, idrett, friluftsliv, musikk og motor. RASK Bergen har erfart korleis forskjellige barrierer hindre barn og unge frå å delta på ulike arenaer. Dei har starta en ressursbase i Bergen, som dei i oppstart fokuserer på vinteraktiviteter. Langsiktig ønsker RASK Bergen å utvide prosjektet med sommerutstyr. Gruppen drivs av frivillige, og alle kostnader er til utstyr for basen, transport og lagring av utstyret. Det koster 50 kroner pr. sesong (6 mnd) å være med, og medlemmene kan da låne utstyr på ukebasis heile vinter. Hovedfokus er enkeltmennesker, men dei vil også bistå skuler, lag og institusjonar med utstyr dei treng for at alle i gruppa skal vere sikra deltaking.	Tiltaket byggjer ned barrierer for barn og unge for å drive friluftslivsaktivitet ved å låne ut utstyr. Tiltaket medverkar til å auka deltaking over tid.
56	55	Rosendal turnlag - turgruppa	Kvinnerhad	Tursti Hattebergfossen, Rosendal	100 000	0	100 000	0	Tiltaket omhandlar utbetring av turstien ved Hattebergfossen. Det inneber: 1. Planlegging og prosjektering av trasé med landskapsarkitekt 2. Utbetring av traktorveg inn til granfeltet og opparbeiding av velteplass for tømmer 3. Uttak av granfelt i landskapsvernområdet som ligg inntil Hattebergfossen 4. Opparbeide ny stitrasé langs fossen 5. Merking og skilting av turstien 6. Plan for skjøtsel og vedlikehald av område	Tiltaket omhandlar drift av tursti. Samstundes kan skilting og merking søkjast om gjennom Turskiltprosjektet. an. Får difor ikkje tilskot.
57	56	Ryvarden krets av Norges speiderforbund	Sveio	Auke kapasitet på leirstad	30 000	0	12 500	0	Ryvarden krets sitt leirsted Lier har eit servicebygg med vannkloasetter. Leirstaden har inga overnattingsplassar innandørs, og legg dirfor godt til rette for gode friluftsopplevingar. Kloakkanlegget begrenser oss til bare 2 større arrangement pr. år. Skal vi ha flere arrangementer enn dette må vi betale ca. kr. 4000,- pr. tømning for ekstra renovasjon. Denne utfordringen har nå fått en god løysing. Denna løysingen sørge for at vi kan tilby langt flere friluftslivsaktiviteter til barn og unge. Dersom vi får muligheten til å realisere dette tiltaket nå i år vil det bli det bli enda flere friluftslivsaktiviteter i Friluftslivets år, samtidig som tiltaket vil gi økt aktivitet over tid.	Tiltaket gjeld strukturelle tiltak, som ikkje støttast.
58	57	Sandviken kystlag	Bergen	Båtliv i Sandviken	300 000	0	100 000	60 000	Sandviken kystlag i samarbeid med Kystkultursenteret og Norges Fiskerimuseum, ønsker å arrangere Maritim lørdag og Sandviksdagene (ein helg), med særleg fokus på barnefamilier. I fjor trakk desse arrangementa henholdsvis 800 og 3500 besøkande. Dei vil få folk ut i friluft ved hjelp av årer og seil! I år vil dei ha fokus på roing og seiling av tradisjonelle trebåter, både på kystlagssamlinger og familiearrangement. Både roing og seiling er sosiale friluftslivsaktiviteter, og ein viktig del av vår kystkultur. Kajakpadling er også en populær aktivitet dei vil fortsette å tilby i samarbeid med Fiskerimuseet.	Tiltaket er har fokus på barnefamilier og prioriterte grupper, har mykje overføringsverdi, og fokus på kystfriluftsliv.
59	58	Stiftelsen Bergensklinikkene	Bergen	Tillitsbane	200 000	70 000	100 000	40 000	Stiftelsen Bergensklinikkene ønsker å byggje ei tillitsbane (pedagogisk hinderløype)– ute i naturen. Fysisk sett er tillitsbana eit anlegg med 20-30 "poster" plassert i eit definert område i naturen. kvar post har ulike utfordringar – og inneheld øvingar i t.d. kommunikasjon – samarbeid – problemløsning. Hovedmålet er at tillitsbanen skal motivere ansatte og personer i nærmiljøet til å bruke naturen i form av tillitsbanen i regi av Stiftelsen Bergensklinikkene. Målgruppa er pasientar med problematisk bruk av rusmidlar og psykiske lidningar ved Stiftelsen Bergensklinikken. Målet er også å motivere ansatte og nærmiljø til å bruke naturen	Tiltak vurderast til å gjelde eit lågterskeltiltak i nærmiljøet som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengeleg. Tiltaket rettar seg mot personar som er lite fysisk aktive.
60	59	Stiftinga Ekstremer Voss	Voss	"Familieveko"	90 000	5 000	30 000	0	Ein av statuttane til Stiftinga Ekstremer Voss er at dei vil spreia gode haldningar i samsvar med norske friluftstradisjonar. Stiftinga er oppteken av folkehelse, særleg for born og unge, og ynskjer å setje fokus på utradisjonelle aktivitetar ein kan gjere i nærmiljøet, der lek og utfordringar i naturen er i høgsetet. Ynskjer å synleggjere aktivitetar som gjev born og ungdom meistringskjensle på sitt nivå, utan eit konkurransepreg.	Lite spesifikk søknad. Uklårt kva tiltaket inneber av type aktivitet og gjennomføringsplan. Får difor ikkje tilskot.
61	60	Stord Rotaryklubb	Stord	Turskilt Landåsen	94 744	0	27 575	27 000	Stord Rotaryklubb ønsker å setje opp informasjonskilt om Flora og Faunam for å gjere det meir interessant å gå på tur. Det gir ei oppleving utanom sjølve turen. Her er opparbeid god tursti/skogsveg der ein kan nytta rullestol/barnevogn. Store delar er skilta etter internasjonal merkestandard. Her er bade og fiskestader, bord og benkjer og Gapahuk som skulane og barnehagane nyttar flittig.	Tiltaket er retta mot barn og unge, har stor overføringsverdi samt at det tilretteleggast i nærmiljøet. Universell utforma turveg tilpassa rullestol og barnevogn. Området vert mykje nytta av skular og barnehagar.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
62	61	Stord-Fitjar Turlag	Stord/Fitjar	Aktiv til 100	35 000	0	25 000	20 000	Eit aktivt friluftsliv er gunstig for helse og livsglede. Gjennom pilotprosjektet Aktiv til 100 får du moglegheit til å koma i fysisk aktivitet, få gode naturopplevingar og verta ein del av eit godt turmiljø. Målgruppa for turane er dei som har fri på dagtid , og som ynskjer lette turar og ein sosial møteplass .	Tiltaket medverkar til auka deltaking over tid, er lite ressurskrevjande, retter seg mot prioriterte grupper. Tiltaket har overføringsverdi.
63	62	Sunnhordland museum	Stord	«Vidsteensparken – ei gåve til folkehelsa»	170 000	5 000	115 000	40 000	I høve 100-årsmarkeringa av den offentlege parken, ynskjer museet å samarbeide med frivilljuge organisasjonar for å oppnå to ting: A: Gje parken nokre enkle, solide klatrestativ og/eller treningsstativ for vanlege mosjonistar. B: Arrangere ein stor familiedag i parken med sjølvskrive musikalsk teaterstykk framført av elevar i Kulturskulen ilag med folk frå Sunnhordland museum, etterfølgd av aktivitetar i parken, som fysiske konkurransar, hesteriding, etc	Tiltaket samarbeider breitt, fokus på lågterskel aktivitet i samband med kulturaktivitetar. Tiltaket er familievennelg.
64	63	Trappen Motiveringssenter	Bergen	Sverresborg aktivitetspark	950 000	100 000	275 000	0	Trappen Motiveringsseter ønskjer ein utandørs park for bruk av ettervernstilbudet i Bergen. Fleire ettervern etterspør fysisk aktivitet etter behandling. Vil vere eit unikt tilbod og viktig tiltak for å få fleire ut i aktivitet. Alle tilbod i parken vil vere gratis og kunne nyttast av alle som ønskjer det. Det er skular i området som kan nytte parken til gymtimar. Det vil bli sett opp faste gymtimar og kostholdsvegledning for dei som ønskjer det.	Tiltaket vurderast til å gjelde strukturelle tiltak, og støttas ikkje i denna ordninga.
65	64	Unneland Grendalag	Bergen	Fagerhaugen - friluftsområde	345 000	70 000	85 000	0	Dette er ein søknad om tilskot til toppdekke på en 1 400 meter lang turveg på Unneland, i Arna i Bergen Kommune. Vegen blei bygd vinteren 2013-14 med stor eigeninnsats. Føremålet med vegen er å opne opp strandsona for ålmenta som elles er sterkt privatisert. Målgruppa er særleg sårbare grupper som barnefamilier, rørslehemma, barnehager, innvandrarar og svaksynte, men også for vanlige turgjengarar.	Tiltaket er strukturelt og difor ikkje støtteberettiga i denna ordninga.
66	65	Utvandringssenterets venner	Radøy	Aktivitetstun	155 000	5 000	100 000	0	I høve friluftsåret 2015 ynskjer Venneforeininga ved Utvandringssenteret å fremme ein plass kor foreldre og besteforeldre kan reise med borna sine og oppleva og fortelje historier gjennom opplevingar ute. Venneforaninga søker derfor om midler til eit bygg som passar inn i Emigrantbygda. Telemarkstunet har bygd eit grindbygg, som muliggjer å være under tak mens ein er ute. Dette ynskjer venneforaninga å få til også på Sletta. I staden før eit grindbygg ynskjer ein å setta opp ei tradisjonell amerikansk låve i miniatyr, med plass for benkar og ein opstadv. Ein ønskjer også å sette opp ei trerenne for å kunne leike gullgravar, samt ulike spel.	Tiltaket omhandlar strukturelle tiltak, noke som ikkje støttast i denna ordninga.
67	66	Vaksdal kommune	Vaksdal	Fellestur med Fotalaje	10 000	0	5 000	0	Vaksdal kommune ynskjer saman med det lokale turlaget Fotalaje å markera friluftslivets år med arrangera ein felles dagstur i juni for alle som vil. Det trengs pengar til felles buss og annonse i avisa	Vaksdal kommune er ikkje søknadsberettiga i denna ordninga.
68	67	Vaksdal kommune	Vaksdal	Villmarksleir på Småbrekke	32 000	17 000	15 000	0	Kommunal villmarksleir i Bergsdalen. Det er 20. året i år 2015 at denne leiren vert arrangert. Leiren står også disponibel til andre skular, lag m.m. i kommunen og fylket som vil komma opp og oppleva friluftsliv på nært hald. Pengane vil gå til tilrettelegging, vedlikehald av utstyr og årleg leige av området, ved, instruktør m.m. Det er laga ein eigen geologisk sti som startar ved leiren og går innover fjellet. I 2009 vart det bygd ein eigen permanent trelavu med overnattingsplass til ca 25 personar.	Vaksdal kommune er ikkje søknadsberettiga i denna ordninga.
69	68	Vaksdal kommune	Vaksdal	Aktivitetsdagar på Småbrekke	24 000	4 000	10 000	0	Barneskular i Vaksdal kommune. Aktivitetsdagar på Småbrekke villmarksleir i Bergsdalen. Ynskjer å få støtte til å arrangera 2 aktivitetsdagar i aug/sept 2015, der borna kjem på dagstur. Dei får vera med å trekkja garn, padla kano, ro båt, fjellklatring og fjelltur. fiska med stang og kasta not. Middagen vert steikt fisk. Det er dyrt med buss opp til leiren, så kommunen treng økonomisk stønad til det utan har ikkje skulane råd til å komma seg til leiren	Vaksdal kommune er ikkje søknadsberettiga i denna i denna ordninga.
70	69	Vaksdal kommune	Vaksdal	Aktivitetsdag på Stanghelle	17 000	5 000	9 000	0	Vaksdal kommune vil i mai 2015 opna eit nytt aktivitetssenter på Stanghelle med tilgang til gratis utlån av kajakkar. Dei ynskjer å markera dette med ein open dag i samarbeid med Stanghelle idretslag. Det vert råd å få prøve kajakkar og det vert lagt opp til felles fotturar. Det vert grilling og bålkaffi. Dette vert eit fint arrangement i friluftlivet sitt år.	Vaksdal kommune er ikkje søknadsberettiga i denna i denna ordninga.
71	70	Venelaget for Halsnøy Kloster	Kvinnherad	Tiltak for å utvide bruken av kulturløypa	100 000	5 000	75 000	30 000	Venelaget for Halsnøy Kloster er et lag som arbeider for at Halsnøy Kloster skal være en naturlig samlingsplass for aktivitet innenfor kultur og friluftsliv i hele Sunnhordland. Venelaget ønskjer i den samanheng å utarbeide eit opplegg som aktiviserer barna ved t.d. rebusløp, løypequiz el.l. det er tenkt som eit "sett" som blir oppbevart på klosteret og lånast ut. Å kombinere det med ein app på mobil i samarbeid med Sunnhordland Museum, slik at alle kan nytte seg av tips til aktivitetar er og aktuelt. Venelaget ønsker midlar til å undersøke tilsvarandre opplegg, og sjå kva som fungerer og kva som er unyttig, og få sett igang arbeidet slik at det er på plass til sommer/haust 2015.	Tilskot rettar seg mot barn og barnefamilier, inkluderar app for informasjon til aktivitet, fokus på lågterskelaktivitet og kulturminner som opplevingsverdi for heile familien på området.
72	71	Voss kommune	Voss	Tur til Nåli	65 000	25 000	35 000	0	Voss kommune ynskjer å markere friluftslivets år. I samarbeid med verneområdestyre for Nærøyfjorden landskapsvernområde og SNO vil dei arrangere ein gratis tur til husmannsplassen Nåli som ligg inne i verdsarvområdet "Vestnorsk Fjordlandskap. Deretter går deltakarane gjennom Sivlegarden og fram til Nåli (ca. 1time) der dei får servert gratis økologisk saft , kaffe og og lokalmat. Det vert her orientert om verneområdet, verdsarven og natur- og kulturkvalitetane i området. Dette er eit lågterskeltilbod der vi spesielt vil invitere barnefamilier og våre nye landsmenn til å delta.	Voss kommune er ikkje søknadsberettiga i denne ordninga.
73	72	Voss utferdslag	Voss	Stølsturar	96 500	0	58 500	20 000	I friluftsåret 2015 har Voss Utferdslag plukka ut 15 stolar i Vossabygda. Der vert det til våren hengt opp kassar med namnebøker og klippetenger. Dette er eit ledd i å legge til rette for at flest mogeleg skal ha anledning til å kome seg ut på tur. Me vonar at det å knyte kultur og vandring i nærmiljøet saman, bidreg til at endå fleire blir motiverte til å vere meir ute og oppleve glada ved å bevege seg i naturen. I dette prosjektet blir det tilrettelagt for eigenaktivitet, når ein vil og kor ein vil.	Tiltaket kan medverke til auka deltaking over tid.

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
74	73	Voss utferdslag	Voss	Markering av Frilutslivets år	201 500	0	71 500	20 000	Voss utferdslag ønsker å arrangere nokre større tilstelningar for å markere Friluftslivets år 2015. Eit av desse er midsommarturen 28.juni. Voss utferdslag inviterer då til ein tur- og kulturdag i fjella mellom Bolstad og Evanger, post/kongevegen mellom Horvei – Bjørgo – Brunborg til Forvene i Teigdalen. På turen vil Arne Østerbø fortelje historia bak post / kongevegen og gje oss eit kulturhistorisk tilbakeblikk. På deler av turen vil det bli song og musikk av lokale musikarar. Det er fokus på naturoppleving, kulturhistorie, og sosialt felleskap på denne festdagen.	Tiltaket omhandlar det enkle friluftsliv, og den aktivitetsformen flest ønsker å nytte seg av. Tiltaket retter seg mot barn og barnefamiliar, og har overføringsverdi.
75	74	Voss utferdslag	Voss	Seniorturar	68 335	0	68 335	0	Voss Utferdslag si seniorgruppe ønsker å tilrettelegga og gjennomføra turar på kvardagar for seniorar. I åra som har gått har det vore gjennomført i gjennomsnitt 41 turar med over 700 deltakarar pr år. Synleg marknadsføring av turane i lokalavisa "Hordaland", er ein viktig faktor for å gjere turane /arrangementa kjent. Målet er å få flest mogleg ut på aktivitetane som eit godt fokehelseiltak.	Tiltaket er ikkje retta mot ein prioritert gruppe.
76										
77					12 520 249	1 586 000	4 654 405	1 930 000		